



FAU/SU:

FAU møte 29.1.26, de finn referat på nettsida.

SU møte 10.2.26

SFO

Påmeldingen til SFO opnar 1.februar. Fristen for å søka plass er 1.mars. Alle som ynskjar å benytta seg av tilbodet må søka innan fristen. Meir informasjon finn de på skulen si heimeside under SFO

English Day

20.januar var det duket for English Day på skulen. Elevane hadde oppstart med te og kjeks, fellessamling etterfulgt av grupper på tvers med ulike aktivitetar. Det blei laga til lunsj i «kantina» kor Kjersti hadde ordna til fine skåler med «Fish&chips» til elevane. Resten av dagen fortsatte med engelske grupper på tvers, og jammen fekk ikkje klassane besøk av sjølvaste dronninga!

Både elevar og vaksne vart utfordra til å snakke engelsk heile dagen, og dei som hadde lyst kunne kle seg i kvit overdel og mørk underdel som engelsk uniform i skulen.



Godt nyttår,

Nytt år og januar er på hell. Året starta med mykje snø som elevane utnytta til det fulle med aktivitetar ute, akedag og kreativitet i snøen. Me håpar snøen snart kjem tilbake. I mellomtida nyt me det fine, kalde veret og kanskje isen er trygg nok til ein skøytedag.

1.trinn har og hatt 100 dagarsfest, ein kjekk og stor dag for elevane.

På måndag 2.februar skal me i gong med det årlege leseprosjektet. Det ser me veldig fram til. Ulike tema i klassane, med fokus på lesing og lære meir om dei ulike tema.

Ynskjer alle ein fin februarmonad.

Helsing Marianne og Charlotte v/ leiinga Bjerkreim Skule



Januar 2026